

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 11.05.2021

### Spørsmål:

1. «Kan fylkesordfører gjere greie for kvifor posisjonen valde å gå imot innstillinga om å opprette 2 klassar idrett?
2. Vil fylkesordfører ta initiativ til å sjå på saka på nytt i ljøs av dei sterke reaksjonane vedtaket har ført til?»

### Svar frå fylkesordføraren

#### Spørsmål 1:

Fylkesordføraren viser til møtet i OPPKO, der drøftingane gjekk på å anten opprette to klassar idrett, eller tre studiespesialiserande og ein klasse idrett. Begge alternativa har konsekvensar, slik det er for alle skular. Grunngevinga for å sikra Sogndal VGS tre parallellar på VG1 SS, er knytt til kva vifte skulen vil kunna tilby av programfag framover. Sogndal VGS har ei brei vifte programfag, og bør ha det vidare.

#### Spørsmål 2:

Her viser fylkesordføraren til at samarbeidspartia i går sendte melding om at dei ber OPPKO ta saka opp på ny, og der det går fram at samarbeidspartia vil oppretta to klassar idrettsfag og samstundes ber om at skulane i indre Sogn går saman om å sikra ei best mogleg studietilbod framover.